


BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2022-2025

ULSTEIN KOMMUNE

Alternativt framlegg frå Ulstein Framstegsparti



Vedteke i gruppemøte 8. desember 2021





INNLEIING

På midten av 1800-talet var livet som britisk sjømann svært risikabelt. Samvitslause reiarar sendte overlasta og høgt assurerte gamle skip med utvandrarar til Amerika. Desse skipa vart på folkemunne vart kalla *coffin ships* - flytande likkister. Dette gjorde sjømannsyrket til det mest risikable yrket, og tusenvis av sjøfolk og passasjerar omkom som følge av forlis. Parlamentsmedlem Samuel Plimsoll (1824-1898) jobba iherdig for å styrke sikkerheita til sjøfolka og fekk etter lang kamp innført *The Merchant Shipping Act* i 1876. Denne lova innførte krav til lastemerke på alle skip. Lastemerket regulerer kor mykje du kan laste skipet i ulike farvatn og til ulike årstider. Plimsoll blei seinare utnevnt til ærespresident for det britiske sjømannsforbundet. Lastemerket vert difor kalla Plimsollmerket.

Kommunedirektøren innleiar sitt budsjettframlegg med ordtaket om strået som brakk kamelens rygg. På same måte kan eit kast for mykje på fiskefeltet føre til at oppdrifta og stabiliteten til ein fiskebåt vert utilstrekkeleg. I kommunen så trugar stadig nye investeringstiltak og skeivfordeling av ressursane kommunens flyteevne. Denne utfordringa vert forsterka i åra framover på grunn av auka rentenivå, samt at vi for alvor no går inn i ei tid med fleire eldre og færre born.



Dette er også grunnen til at Ulstein Frp i årevis har vore klare og tydelege på at vi må bremse gjeldsutviklinga vår og innføre økonomiske handlingsreglar som tek i vare kommunens flyteevne over tid. Vi treng handlingsrom til å takle utfordringar samt til å ta vare på moglegheiter som dukkar opp.

Det såg endeleg ut til at bodskapen om at vi har for mykje gjeld hadde fått fotfeste hos dei aller fleste. Kommunestyret gjorde tidlegare i oktober eit *samrøystes* vedtak om at kommunen skal betale ned minst 90 millionar i den neste 4-års perioden. Likevel vedtok eit fleirtal å «torpedere» same vedtaket ved å flytte fram ny barnehage i Hasund krins utan å prioritere vekk andre tiltak. Ein kan difor lure på om bodskapen har gått inn hos alle likevel? Konsekvensen er at kommunedirektøren har fått uklare styringssignal og er tvungen til å legge fram eit budsjettframlegg som er i strid med overordna føringar og utfordringsbilde.

Skal vi lukkast med omstilling, må vi i tillegg til å kutte gjelda, drifte strammare og flytte ressursar frå oppvekstsektoren til pleie og omsorg som uansett vil få ein kostnadsvekst. Dette er ei utvikling ein ikkje kjem vekk frå, og dess lenger tid ein brukar på å kome dit, dess vanskelegare vert omstillinga. Dette utløyer naturlegvis vanskelege debattar om strukturar, tenestenivå og prioritering av investeringar.

Dei som hadde håpa på at eit regjeringsskifte skulle redde oss, må nok tru om att. Vi må nok gjere jobben sjølv!



1 NÆRING OG SAMFUNNSUTVIKLING

1.1 MARITIM NÆRING

Hausten 2014 fall oljeprisane dramatisk, noko som etter kvart fekk følgjer for vårt lokale næringsliv. Dei første åra hadde verfta fulle ordrebøker og aktiviteten gjekk meir eller mindre som før. Etter kvart måtte bedriftene seie opp eller permittere dei tilsette sidan ordrebøkene vart tynnare. Arbeidsløysa toppa seg i januar 2017 med over 6,1% heilt ledige. Etter kvart fekk verfta eit fotfeste innanfor cruise-næringa og andre spesialfartøy som vindmølle-serviceskip og brønnbåtar. I mars i fjor såg endeleg tidene litt lysare ut, og arbeidsløysa i Ulstein på ny under landsgjennomsnittet. Så kom Covid-19 og reiv grunnen under næringa på nytt.

Status per i dag er at verfta i Ulstein har tome ordrebøker på nybygg og må i tida framover leve av service og ombyggingsoppdrag samt resirkulering av skip. Det kjem likevel ein del positive signal om at behovet for mindre og miljøvennlege ekspedisjonscruiseskip, yachtar og serviceskip for offshore vindkraft aukar. Dette er segment våre lokale verft burde vere godt posisjonerte for, gitt konkurransedyktige finansieringsordningar.




For verfta Myklebust, Larsnes, Aas og Vard er situasjonen betre, noko som er viktig for leverandørindustrien. Leverandørindustrien melder generelt om betre ordreinnang og styrka lønsemd. Det knyt seg stor spenning til korleis Kongsberg Maritime sitt nye produkt PM-thrustarar vil slå an i markedet sidan dette skal produserast i Ulsteinvik.

Auka oljepris og ny skatteordning for oljeselskapa gir også ringverknader for Island Offshore som er ei av dei store hjørnesteinsbedriftene i Ulstein. Ulstein betongindustri har og godt med oppdrag spesielt takka deira suksess med bygging av oppdrettsflåtar. Det samla bildet er at det er grunn til å vere forsiktig optimist framover.



1.2 HANDEL OG SERVICE

Ulstein har tradisjonelt vore ein sterk handelstad, men vart utfordra av Ørsta og Volda etter opninga av Eiksundsambandet og Kvivsvegen. Moa og Digerneset har og hatt ei formidabel utvikling som gir også mykje handelslekkasje frå vår region. Det er difor gledeleg å sjå at utviklinga i Ulstein dei siste tre åra har vore god. Det nærliggande å tru at dette har samanheng med satsinga på tettstadsutvikling og det gode tilbodet innanfor tenesteyting som har vakse fram i Ulsteinvik, då særleg spisestadar. Ulstein har etter at Ålesund blei slått saman no høgast omsetning per innbyggjar, men Ålesund ligg hakk i hel.




Bileta under viser noko av breidda i tilbodet vi har på serveringsstadane våre.





1.3 REISELIV


Reiseliv har vore eit viktig satsingsområde dei siste åra, og det er hyggeleg å sjå utviklinga på overnattingar i sommarmånadane i vår region (Hareid, Ulstein og Herøy). Når ein samanliknar overnattingstala frå 2020-2021 så ser ein at vår region har hatt ein auke på 9250 overnattingsdøgn (+32%), medan Ålesund har hatt ein nedgang på 13700 overnattingsdøgn (-8%). 84% av gjestane i vår region var norske. Potensialet for vidare vekst er stort, spesielt dersom ein lukkast med å bli ein heilårsdestinasjon.



Ulstein Næringsforum er ein av pådrivarane for auka synlegheit og marknadsføring av reiselivet i Ulstein kommune. Mellom anna har dei stått bak utviklinga av nettstaden www.visitulstein.com

1.4 FOLKETALSUTVIKLING


Den positive folketalsveksten som Ulstein hadde gjennom starten på oljekrisa har no dessverre stoppa opp. Sidan 2018 har folkeveksten flata ut og peikar no nedover. Sidan 1. januar 2019 har kommunen hatt ein folketalsnedgang på 70 personar (-38 i 2019, +4 i 2020 og -36 hittil i 2021). Dette er ei svært uvanleg utvikling i vår kommune.





Til samanlikning så har vi sidan 1951 berre hatt 2 år tidlegare der folketalet har gått ned (-4 i 1955 og -22 i 1987). Samla har vi hatt ein folketalsvekst på 5400 sidan 1951.


06913: Befolkning og endringer, etter år. Ulstein, Befolkning 1. januar.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

1.5 BUSTADBYGGING

Bustadbygginga har naturlegvis samanheng med folketalsutviklinga og sysselsettinga. Det har difor vore ein markant nedgang av nye bustader i Ulstein dei siste åra. Det har også gitt seg utslag i byggesaksinntektene til teknisk etat.




Det er likevel nokre lyspunkt i horisonten. I løpet av hausten 2021 har kommunen tildelt 21 tomter i det nye byggefeltet på Skeide, 3 tomter i Dimna og 2 i Haddal. Mange av desse har teikna kontrakt. Dersom nedgangen i arbeidsløysa held fram er det grunn til å tru at bustadbygginga vil ta seg opp i 2022. I tillegg til dei kommunale tomtene må ein rekne med at det er ein del private tomter også.




1.6 SYSSELSETTING

Arbeidsløysa har etter kvart gått ned i Ulstein. Arbeidsløysa steig jamt frå 2,0% i januar 2015 til 6,1% i januar 2017. Deretter var den fallande fram til mars 2020 då korona-effekten slo inn. I juli 2020 gjekk Kleven konkurs og arbeidsløysa fekk eit nytt hopp. Sidan har den stort sett vore fallande, men no i november fekk vi dessverre ein ny auke. Dette har i følgje NAV samanheng med mindre aktivitet på Kleven etter levering av siste nybygget.




Ein skal likevel ikkje gløyme at Ulstein kommune er ein av dei viktigaste motorane i fylket og at vi er den kommunen som har høgast arbeidsplass-dekning. Trass i dette er det mange som pendlar ut av kommunen, noko som er eit teikn på at vi er ei attraktiv bustadkommune som ligg godt plassert geografisk i ein spanande region.






2 ØKONOMISK UTVIKLING

Utviklinga i frie inntekter har vore relativt god dei siste par åra, men Ulstein kommune er framleis ei låginntekt-kommune. Skatteinntektene er forventa å ligge om lag på landssnittet, noko som gjer at utviklinga i den nasjonale skatteinngangen vil vere avgjerande for inntektsutviklinga til Ulstein kommune.



2.1 GJELDSUTVIKLINGA

Vår største utfordring er at vi har ein høgare auke i kostnader til renter og avdrag enn det vi har i frie inntekter. Gapet mellom utviklinga i inntekter og utgifter til renter og avdrag aukar. Denne utviklinga vi må snu.





ALTERNATIVT FRAMLEGG TIL BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2022-2025

Gapet aukar trass i at vi har historisk låge renter. Ulstein kommune har no ei gjennomsnittrente som ligg 0,7 prosentpoeng over styringsrenta, medan UEKF har ei noko høgere rente på grunn av større grad av rentesikring. Gjennomsnittleg rentebindingstid er om lag 5,5 år for UEKF og 0,9 år for Ulstein kommune.


Porteføljen og marknadsrenter

UEKF (gj.snitt)	Kommunen (gj.snitt)	P.T.KBN	Norges bank (styringsrenta)	3 MND	6 MND	12 MND	3 ÅR	5 ÅR
1,59 %	0,95 %	1,30 %	0,25 %	0,65 %	0,88 %	1,14 %	1,83 %	2,08 %

Rentebana til Noregs bank tilseier at styringsrenta vert auka gradvis framover til 1,70% i 2025, men det er sjølvsagt knytt stor usikkerheit til det. Ein renteauke vil presse driftsbudsjetta ytterlegare. Difor er det viktig å ha ein bevisst rentesikringsstrategi.

Som ein tommelfingerregel kan ein seie at for kvar million kommunen lånar til langsiktige investeringar (40 års avskrivningstid), vil ein med ei snittrente på 1,75% svekke kommunens handlingsrom med 35 000 kr årleg. Investeringar med kortare levetid gir ein høgare årleg kostnad. Eit nytt bygg finansiert med 50 millionar i lån som vert avskrive over 40 år vil auke kommunens finanskostnad på om lag 1,75 millionar pr. år. Med mindre investeringane er sjølvfinansierande så må pengane hentast frå ordinær drift. Gjennomsnittleg avskrivningstid for kommunale lån er ca. 20 år. Difor vil kvar ekstra million vi betalar ned tilføre drifta ca. 50 000 kr.

Legg ein kommunedirektøren og dagleg leiar i UEKF sine framlegg til grunn vil utviklinga av renter og avdrag sjå slik ut (i 1000 kr):



Dei samla utgiftene til renter og avdrag aukar med om lag 10 millionar frå 2020 til 2024. Store delar av auken er likevel knytt til sjølvfinansierande tiltak som omsorgsbustader, startlån og VAR-områda. Ny barnehage i Sundgotmarka gir ikkje full effekt før i 2026 sjølv om bygginga skulle starte i 2025.




2.2 FONDSUTVIKLINGA

Kommunens fondsmidlar er under press. Både fordi vi ikkje lenger genererer nok overskot på drifta til å fylle dei opp, og fordi vi har innført ein handlingsregel som seier at vi skal delfinansiere nye låneopptak med 20% eigenkapital. Desse pengane vert tekne frå fonda. Når fonda er tome og vi ikkje lenger klarer å gå med overskot så er kommunen på ROBEK-lista.

Fondssaldo (i millionar)	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Disposisjonsfond Ulstein kommune	20,5	33,0	35,8	36,5	39,5	29,6	28,1	28,5	30,4	32,9	35,5
Kapitalfond Ulstein kommune	51,6	53,8	46,6	46,0	41,8	32,2	11,5	6,4	3,1	-1,3	-4,2
Disposisjonsfond UEKF	1,0	2,4	3,5	8,6	8,4	9,7	10,6	10,2	8,7	6,9	5,1
Kapitalfond UEKF	0,9	0,9	0,9	0,4	0,4	0,8	-	-	-	-	-
Konsern disposisjonsfond	21,5	35,4	39,3	45,1	47,9	39,3	38,7	38,7	39,2	39,9	40,6
Konsern kapitalfond	52,5	54,6	47,5	46,5	42,2	33,0	11,5	6,4	3,1	-1,3	-4,2

2.3 UTVIKLINGA I DRIFTSRESULTAT

Driftsresultata til kommunen har vore fallande år for år trass store innsparingar på drifta og høge skatteinntekter som har gitt norske kommunar gode resultat dei siste åra. Brutto driftsresultat for kommunen er tilfredsstillande, men det er før ein betalar renter og avdrag. Netto driftsresultat viser det endelege resultatet etter at finanskostnadane er teke med. I framlegga til budsjett og økonomiplan er det vist eit samla negativt netto driftsresultat for UEKF og Ulstein kommune på 2,99 millionar (+2,44 millionar i kommunen og -5,43 millionar for UEKF). Slik kan det ikkje fortsette.



Det høyrer med til bildet at kommunen driv svært kostnadseffektivt og med god kvalitet på tenestene. Det er difor ikkje lett å hente ut store gevinstar gjennom kutt utan at det går ut over kjerneoppgåvene til kommunen.




3 DET STORE DEMOGRAFI-SKIFTET

Vi har lenge hørt om eldrebølga, og at denne vil føre til endra behov innanfor pleie og omsorg. Sjølv om dette ikkje har stått høgt på agendaen har vi merka at presset på pleie og omsorgstenestene har auka markant dei siste åra. Dette har ikkje nødvendigvis samanheng med at vi har blitt fleire eldre, men er nok i større grad påverka av samhandlingsreforma som har ført til at kommunane må ta i mot stadig fleire utskrivingsklare pasientar frå sjukehusa som har store pleiebehov. I tillegg har lovverket blitt innskjerpa slik at pasientrettigheitene har blitt styrka. I sum har desse 3 faktorane ført til ytterlegare press på pleie og omsorgstenestene utan at det så langt har blitt teke høgde for i budsjett.


Når ein ser på befolkningspyramiden for Ulstein kommune som er vist under, ser ein at det er stadig større grupper som vert klassifisert som eldre framover.

Aldersfordeling for innbyggerne i kommunen




Kilde:
Befolkning, Statistisk sentralbyrå

I andre enden har vi born som skal ha plass i barnehage og grunnskule. Denne aldersgruppa er minkande. Sjølv om fødselstala er relativt stabile kan det sjå ut til at det er mindre tilflytting av innbyggjarar i denne aldersgruppa samanlikna med det det var når det gjekk for fullt i industrien. Det påverkar elevtalet i grunnskulen og born i barnehagane.



Figuren over side viser ei oversikt over innbyggjarar i grunnskulealder for perioden 2015-2022 basert henta frå SSB med innbyggjartal pr. 1.januar. Sidan 2015 har elevgrunnet gått tilbake med 78 elevar i grunnskulen. Dersom ein legg dei aldersfordelte innbyggjartala for 1.januar 2021 til grunn og framskriv desse frå 2022 og framover så vil utviklinga for dei ulike aldersgruppene sjå slik ut:




Det vil i så fall bety at det vil vere 251 færre elevar i grunnskulen i 2027 enn det var i 2015. Det må understrekast at dette er høgst usikre tal som ikkje tek omsyn til eventuell til- eller fråflytting, men utviklinga dei siste åra viser ein klar fallande tendens på tilflytting. Dersom ein på ny får langvarige positive endringar i næringslivet eller vi får andre nye etableringar i arbeidsmarknaden så kan sjølvsagt denne trenden snu.

Når det gjeld framskrivning av tal på eldre så er det litt enklare, då denne gruppa i langt mindre grad flyttar frå kommunen, heller motsett. Som det går fram på figuren på neste side vil denne gruppa fortsette å vekse jamt og trutt framover.




ALTERNATIVT FRAMLEGG TIL BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2022-2025



Det store spørsmålet er kva dette vil ha å seie for fordelinga av ressursane. Dersom ein legg til grunn hovudalternativet til SSB i folketalsframskrivingane vil utviklinga i demografibehovet tilseie ei sterk auke i behovet for pleie og omsorgstenester og ein nedgang i behovet for barnehage og grunnskule.

Dagens inntektssystem vert nok i all hovudsak vidareført om lag som no, og det betyr at vi må tette desse store gapa for å halde oss flytande og for å kunne gi alle innbyggerane dei tenestene dei har krav på. For å få til dette kjem vi ikkje utanom å flytte pengar frå oppvekstsektoren til pleie og omsorg. I tillegg må vi ha fokus på effektiv drift og digitaliserte løysingar som frigjer ressursar.



Endra utgiftsbehov demografi - kommunen - 2020 - 2030. Målt ved inngangen til det enkelte år.

Rammetilskotet frå staten til kommunane bereknar eit teoretisk utgiftsbehov for dei ulike tenestene basert på alderssamansetning, geografiske og sosiale forhold. Desse kriteria er objektive og like for alle landets kommunar. For Ulstein reknar ein med at demografiendringane gjer at utgiftsbehovet neste år aukar med vel 8,5 millionar for



ALTERNATIVT FRAMLEGG TIL BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2022-2025

pleie og omsorg og 3,6 millionar for barnehage. For grunnskulen vert utgiftsbehovet redusert med 5,1 millionar. For dei andre tenestene er det mindre endringar

Ulstein	2022			Endring 2021-2022	
	Sektorvekt (landet)	Utgifts-behovs-indeks	Tillegg/trekk i utgiftsutjamm. (1000 kr)	Utgifts-behovs-indeks	Tillegg/trekk i utgiftsutjamm. (1000 kr)
Barnehage	15,81 %	103,88 %	3 109	4,5 %	3 619
Administrasjon	8,05 %	102,57 %	1 048	0,1 %	79
Landbruk	0,21 %	60,34 %	-417	-0,4 %	-18
Grunnskule	25,33 %	105,51 %	7 076	-4,4 %	-5 105
Pleie og omsorg	34,95 %	101,53 %	2 714	4,9 %	8 518
Kommunehelse	5,53 %	101,14 %	319	0,6 %	175
Barnevern	4,52 %	90,73 %	-2 125	-0,7 %	-450
Sosialtjeneste	5,6 %	79,15 %	-5 916	-0,6 %	-405
Kostnadsindeks	100,00 %	101,14 %	5 776	1,3 %	6 371

Kommunedirektøren har likevel ikkje funne rom til ei slik omfordeling, mellom anna fordi der ligg sterke bindingar i politiske vedtak innafør oppvekstsektoren som hindrar ei slik omfordeling.

Etat	R2020	2021	2022	2023	2024	2025
Folkevalde	4 159 832	4 181 608	3 898 185	4 098 185	3 898 185	4 148 185
Sentr.adm	37 979 899	30 209 407	32 933 802	34 429 422	33 814 422	33 814 422
Helse og omsorg	203 774 294	204 571 153	205 913 596	207 113 597	209 413 596	209 413 596
Oppvekst og kultur	263 209 109	273 218 692	279 060 785	274 069 785	269 993 785	269 993 785
Teknisk etat	11 560 324	15 050 745	19 691 600	19 623 332	19 271 332	19 220 332
Sum	520 683 458	527 231 605	541 497 968	539 334 321	536 391 320	536 590 320

Auken på 1,3 millionar som kommunedirektøren foreslår innanfor helse og omsorg er i si heilheit knytt til helseområdet (lege- og veterinærtjenesta) medan tradisjonell pleie og omsorg ikkje får tilført ekstra ressursar.


Oppvekstområdet har på si side fått styrka budsjettet sitt med 5,8 millionar, der 5,5 millionar er avsett til auka tilskot til private barnehagar og om lag 0,7 millionar går til auka husleige. Kommunedirektøren foreslår rett nok å flytte om lag 1 million årleg frå oppvekst til omsorg, men det gir nesten ikkje effekt samanlikna med det reelle behovet dersom ein skal tru på framskrivingsmodellane.

Etter vår meining går denne omstillinga for seint og vi fryktar at konsekvensen vert at det underliggende meirforbruket innanfor pleie og omsorg vil halde fram og auke i omfang utan at ein klarar å spare dette inn på andre områder. Det er ei slik utvikling vi har sett dei seinaste åra, men vi har stort sett vore heldige og hatt ein skattevekst som har kompensert for kostnadsauken. Slik gjekk det ikkje i fjor då vi måtte nytte ca 10 mill. av disposisjonsfondet til å dekke meirkostnadane.

Figuren på neste side viser at kostnadsauken har vore betydeleg dei siste åra både innanfor institusjon og i heimebasert omsorg. For 2020 må ein ta omsyn til at dette tenesteområdet har hatt store ekstrakostnader knytt til Covid-tiltak som er har blitt finansiert av statlege krisemidlar. Desse er ikkje vidareført i 2022.



Netto driftsutgifter til ulike tenester i pleie og omsorg




For individretta tenester som heimeteneste har dette direkte samanheng med talet på brukarar som får tenestene og nivået på tenestene dei får tildelt. For aktivitets- og servicetenestene som til dømes dagtilbod har talet på brukarar i utgangspunktet mindre å seie sidan dette stort sett er gruppeaktivitetar. Som det går fram i tabellen under har talet på brukarar av institusjonstenestene stort sett gått ned men kostnaden pr. brukar har gått betydeleg opp. Det er eit tydeleg uttrykk for at bebuarane på institusjon krev meir tilsyn og ressursar enn tidlegare.

Brukarar i alt	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Heimeteneste	353	374	371	374	403	425
Institusjonstenester	48	45	46	40	49	43
Aktivitet- og servicetenester	214	222	213	210	223	241
Totalt	615	641	630	624	675	709

Ser ein på alder på dei som får tenester ser ein tydeleg at det er dei under 66 år (yngre brukarar) som utgjer flest brukarar, og det er også i denne aldersgruppa talet på brukarar aukar mest.

Aldersfordeling av brukarar





ALTERNATIVT FRAMLEGG TIL BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2022-2025

Går ein enda meir ned i detaljane ser ein at det er dei yngste og eldste brukarane som mottek mest heimetenester. Talet på brukarar går mest opp i heimetenestene.

Brukarar av heimetenester	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Endring 15-20
0-66 år	170	185	179	181	214	214	44
67-79 år	68	72	64	62	73	78	10
Over 80 år	115	117	128	131	116	133	18
Samla	353	374	371	374	403	425	72

Brukarar av institusjonstenester	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Endring 15-20
0-66 år	14	5	5	6	10	9	-5
67-79 år	0	10	11	8	11	11	11
Over 80 år	34	30	30	26	28	23	-11
Samla	48	45	46	40	49	43	-5

Brukarar av service- og aktiviseringsstenester	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Endring 15-20
0-66 år	70	75	68	72	78	77	7
67-79 år	41	44	35	35	45	47	6
Over 80 år	103	103	110	103	100	117	14
Samla	214	222	213	210	223	241	27

Den 8. desember la KS fram rapporten «Årsaker til kostnadsvekst i pleie og omsorg» som er eit resultat av eit forskingsprosjekt av Nordlandsforskning og Universitetet i Oslo. Denne rapporten ser på utviklinga i pleie og omsorgstenestene og ser på korleis og kvifor ein har ein opplever stor kostnadsauke nasjonalt. Det som kjem fram i rapporten er samanfallande med utviklinga her i kommunen. Og det blir peika på mange ulike årsaker til kvifor denne utviklinga har skjedd.

Summert kan ein slå fast at det er ikkje demografiutviklinga som er styrande, då det er dei yngre pasientane som står for den største veksten, men der er mange andre drivarar:

- Langtidsverknader som følgje av statlege reformer som t.d. samhandlingsreforma og rettigheits-festing av brukarstyrt personleg assistent (BPA)
- Auka pasientrettar og mindre bruk av tvang
- Betre medisinsk behandling gir høgare overleving og færre liggedøgn i sjukehusa
- Auka kompetansekrav i tenestene gir auka lønskostnader
- Kapasitets-utfordringar i tenesta har ført til auka bruk av vikarbyrå
- Kvalitetsnormer som ikkje er forskriftsfesta blir likevel nytta i praksis (tildelingspraksis)
- Statsforvaltaren har utvida tolkinga av forsvarlegheit-begrepet (gir kommunane pålegg om å tilføre meir ressursar)
- Meir fokus på arbeidstidsordningar for fastlegane (færre pasientar pr. liste)



- Auka ressurstilgang (nasjonalt) har gitt økonomisk handlingsrom til at politikarane har kunna auka velferda område for område (utan å tenke heilheitleg).

Konklusjonen under framlegginga av rapporten var at det er summen av mange ulike tiltak som gjer at kostnadane i pleie og omsorgstenestene aukar kraftig. Spørsmålet er om dette er berekraftig eller om det er oppskrifta på kommunal kollaps?

Vegen til helvete er brulagt med mange gode intensjonar

Kommentar frå kommunedirektøren i Stavangar, Per Kristian Vareide om summen av årsakene til kostnadsauken innan pleie og omsorg.

For vår eigen del må vi stille oss spørsmålet om vi kan forvente at denne utviklinga vil halde fram, og kva konsekvensar det i så fall får for budsjettfordelingane framover?

Ein sterk indikasjon på at utviklinga held fram er årets rekneskap som viser at Helse og omsorg i 2.tertialrapport (t.o.m. august) kunne melde om eit meirforbruk på 7,5 millionar. Dette er ikkje teke omsyn til i kommunedirektøren sitt framlegg.

Eit anna spørsmål er korleis dette vil påverke oppvekstområdet? Kommunestyret har bede om ei utgreiing om skulestruktur som vert lagt fram til våren. Då kjem også ei vurdering av ulike alternativ knytt til bygging eller renovering av ny barnehage i Hasund krins. Utfallet av begge desse sakene vil ha stor innverknad på kommunens budsjett og handlingsrom til å styrke til pleie og omsorg.

Når vi handsama 10-års investeringsplan stemte Frp i mot å framskande Sundgotmarka barnehage til 2025 med bakgrunn i kommunens stramme handlingsrom og dei utviklingstrekk som går fram over.

Vi foreslår difor å halde fast på at Sundgotmarka barnehage skal takast ut av planen, men vi ønskjer å få spørsmålet om lokalisering og val av nybygg/tilbygg opp til vurdering snarast råd slik at vi kan ta stilling til bygging under handsaming av neste års budsjett- og økonomiplan.



4 Kommentarer til kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett og økonomiplan

4.1 SKATT PÅ INNTEKT OG FORMUE

Det er vanskeleg å spå korleis skatteinntektene vil slå ut, men erfaring frå tidlegare har vist at det har lønt seg å vere konservativ når ein budsjetterer med inntektene. Særleg i desse tider då utviklinga i pandemien ikkje er lett å spå.

Regjeringa Støre har foreslått endringar i skattesystemet der formueskatten og skatten på dei høgare inntektene skal aukast. Dette vil likevel ikkje gi noko auke i dei samla inntektene då regjeringa har foreslått å kutte i rammetilskotet tilsvarande.

Eit anna forhold som har stor innverknad på skatteinntektene er kor mange skatteytarar som betalar skatt. Folketalet i Ulstein er no dessverre på retur, og vi har difor valt å justere folketalet p.r. 1. januar ut frå siste kjende tal som er 8 505 innbyggjarar mot 8 533 som ligg inne i kommunedirektøren sitt framlegg. Dette gir oss truleg ein inntektssvikt i størrelses orden 975 000,-

4.2 RAMMETILSKOT

Rammetilskotet frå staten har til hensikt å jamne ut forskjellane mellom kommunane knytt til demografi og geografi ut frå objektive kriterier. Dette kallast utgiftsutjamning og er forutsigbare inntekter for kommunen. Vi har såleis ikkje forslag til endringar. Det er enno litt usikkerheit knytt til om kommunane vert kompensert fullt ut for endringane i statsbudsjettet som vart framforhandla i stortinget, men vi legg det til grunn.

4.3 EIGEDOMSSKATT

Kommunedirektøren foreslår ei auke i eigedomsskatten frå 1,75 promille i 2021 til 2,0 promille i 2022 og framover for å kompensere for budsjettavvik på eigedomsskatt. Dette gir kommunen ei ekstra inntekt på 1,75 millionar årleg. Ulstein Frp har som mål å redusere og etter kvart fjerne eigedomsskatten og ønskjer ikkje å auke skatten.

4.4 AVKASTNING OG AKSJEUTBYTE

I framlegget frå kommunedirektøren er det budsjettert 6,2 millionar i avkastning og utbytte. Vi har ingen forslag om endringar av dette beløpet. Vi stiller oss derimot tvilande til at Ulstein Fjernvarme vil vere i stand til å betale for leige av infrastruktur, sjølv om vi opprettheld målsettinga.

4.5 INVESTERINGAR OG SAL AV DRIFTSMIDLAR

For Ulstein Frp er det viktig å halde oss til styringsrammene som vi sjølve har stått bak, og meiner det er avgjerande viktig å halde på ambisjonen om å ikkje auke låneopptaket med meir enn 100 millionar i 4 års perioden. Låneopptak innanfor VAR og lån i Husbanken til vidareutlån ligg utanfor denne ramma.

Det største grepet vi gjer for å halde denne ramma er å ta ut Sundgotmarka barnehage med ei investeringsramme på 44 millionar i 2025. Til våren vil



kommunestyret ta stilling til lokalisering og val av prosjektmodell (heilt ny barnehage eller renovering og tilbygg)

I tillegg ønsker vi som administrasjonen og styret i UEKF å legge til rette for sal av kommunale gjennomgangsbustader for ca 10 millionar i 2022. For å mogleggjere dette ønsker vi å auke låneramma for startlån med 10 millionar til 16 millionar i 2022

Med bakgrunn i leikeplasskontrollane som vart gjennomført i haust er det behov for å oppgradere uteområda ved skulane og barnehagane. I 2022 ønsker vi difor å avsette 1 million til Hasund skule til oppgradering. For dei andre skulane og barnehagane vil vi vente på konklusjonen om skulestruktur og modell for ny barnehage i Hasund.

Vi beheld investeringsramma for nytt ventilasjonsanlegg i Sundgotmarka, men vil vente med aktivering av investeringa til der føreligg ein konklusjon om utviklingsplanen for barnehagen.

Når det gjeld solskjerming til rådhuset så har vi teke dette ut. Ulstein rådhus var innflytta i 1967 og har store renoveringsbehov dersom det skal kunne halde dagens standard. Bygget er lite hensiktsmessig i forhold til dagens bruk med fleire kvelv og berande konstruksjonar som hindrar effektive løysingar. Tida er difor inne for å leite etter meir arealeffektive og framtidsretta løysingar for administrasjonslokaler. Vi legg til grunn at dette kan finansierast ved sal av eksisterande rådhus, redusert arealbehov, og redusert husleige på leigde lokale slik at det ikkje får budsjettmessige verknader.

4.6 INNSPARINGAR

Kommunestyret har pålagt administrasjonen betydelege innsparingar for perioden 2021-2024. Samla innsparingar som er vedteke er 20,9 mill. i 2021, 23,6 mill. i 2022 og 23,4 mill. i 2023 og 2024. Desse innsparingane var då tenkt vidareført som varige innsparingar. Ein del av desse innsparingane er gjennomført, medan andre framleis må løysast. Kommunedirektøren har foreslått å reversere nokre av tiltaka då dei viser seg å ikkje vere realistiske. Dette gjeld tilskot til veterincær (her er det i tillegg foreslått ei auke), optimalisere innkjøp og reduksjon av kurs og reiser. Dette utgjer om lag 2,2 mill. i 2022, 2,0 mill. i 2023 og 1,4 mill. i 2024 og framover.

Sidan mange av dei vedtekne innsparingane ikkje er gjennomført enno, så er det ikkje tida for å pålegge administrasjonen ytterlegare innsparingar.



5 Våre endringsforslag

Tiltak/endingar	2022	2023	2024	2025
Endringar knytt til regjeringa Støre sitt budsjettframlegg				
Auka tilskot til private barnehagar/reduisert inntekt kommunale barnehagar grunna redusert maksimalpris	519 000	519 000	519 000	519 000
Redusert tilskot til private barnehagar grunna redusert pensjonspåslag	-278 000	-278 000	-278 000	-278 000
Reversert forslag om 1 ekstra time naturfag ungdomstrinnet	-167 000	-167 000	-167 000	-167 000
Endra berekning barnevernsreforma	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000
Auka rammetilskot som følgje av justeringane over	-72 000	-72 000	-72 000	-72 000
2 milliardar fordelt etter folketal/hovudkostandsnøkkel (auka rammetilskot)	-3 211 000	-3 211 000	-3 211 000	-3 211 000
Nettoeffekt av nytt tilskot per kommunale grunnskule (auka rammetilskot)	-515 000	-515 000	-515 000	-515 000
Trekk i rammetilskotet grunna forventa auka skatteinntekter	3 996 000	3 996 000	3 996 000	3 996 000
Auka skatteinntekter (skatt lik landssnittet, 8.533 innbyggjarar)	-3 921 000	-3 921 000	-3 921 000	-3 921 000
Uttrekk av kommunedirektørens avsetnad for forventa midlar ved tilleggsproposisjon	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
Nettoeffekt av regjeringa Støre sitt framlegg	-1 651 000	-1 651 000	-1 651 000	-1 651 000
Endringar knytt til budsjettavtale mellom regjeringa Støre og SV				
Gratis kjernetid for førsteklassinger i SFO	1 072 000	1 072 000	1 072 000	1 072 000
Fjerning av avkorting for barnetrygd for sosialhjelpsmottakere	235 000	235 000	235 000	235 000
Endra rammetilskot som følgje av endringane over	-1 307 000	-1 307 000	-1 307 000	-1 307 000
Nettoeffekt av endringar i budsjettavtale på stortinget	-	-	-	-
Endringar knytt til framlegg frå Ulstein Framstegsparti				
Korreksjon i skatteinntekter 2022 grunna redusert folketal (8508 innb)	875 000	-	-	-
Sal av tomter på Skeide 6 mill i 2021 og 10 mill i 2022 - redusert finans	-300 000	-800 000	-800 000	-800 000
Reversering av auke i eigedomsskatt	1 750 000	1 750 000	1 750 000	1 750 000
Uttrekk solskjerming Reiten - reduserte finanskostnader (20 års avskrivning)	-21 000	-81 000	-81 000	-81 000
Uttrekk solskjerming Rådhuset - reduserte finanskostnader (20 års avskrivning)	-28 000	-108 000	-108 000	-108 000
Uteområde Hasund skule - auka finanskostnader (20 års avskrivning)	14 000	54 000	54 000	54 000
Uttrekk Sundgotmarka barnehage i 2025 (får først verknad i 2026)	-	-	-	-
Alle med i Ulstein - ny fast 50% stilling vert teke ut av budsjettet	-350 000	-350 000	-350 000	-350 000
Læremiddel i grunnskulen	250 000	250 000	-	-
Nettoeffekt av Ulstein Framstegsparti sine endringar	2 190 000	715 000	465 000	465 000
Sum nettoeffekt av alle endringar	539 000	-936 000	-1 186 000	-1 186 000
Auka avsetnad til fond som følgje av endringar	-539 000	936 000	1 186 000	1 186 000
Fondsavsetnad i kommunedirektørens forslag	339 603	1 960 395	2 518 049	2 536 049
Ny avsetnad til fond	-199 397	2 896 395	3 704 049	3 722 049

5.1 VERBALFRAMLEGG

1. Kommunestyret viser til at Ulstein rådhus ikkje lenger er funksjonelt ut frå dagens behov, og at bygget står føre betydelege kostnader til renovering dersom levetida skal forlengast. Ulstein kommunestyre gjev difor administrasjonen i oppgåve å sjå etter alternative lokale som kan ivareta rådhusfunksjonane framover. Kommunestyret legg til grunn at sal av rådhuskvartalet, redusert arealbruk, oppseiing av eksterne leigekontraktar og reduserte FDV kostnader kan finansiere ei flytting.
2. Kommunestyret aukar låneopptaket i Husbanken til startlån med 10 millionar kroner i 2022 slik at samla låneopptak til vidare utlån vert 16 millionar.



6 VEDLEGG – OVERSIKT OVER UTVIKLINGA INNANFOR TENESTEOMRÅDA

NETTO DRIFTSUTGIFTER TIL TENESTEOMRÅDA 2015-2020 (inkludert avskrivningar)

Funksjon	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Endring 15-20
Sosialsektoren samlet	17 984	21 766	28 324	25 396	20 735	18 138	154
Barnevern	18 170	19 465	18 453	17 289	15 636	14 900	-3 270
Vann, avløp, renovasjon, avfall (VAR)	-6 645	-5 274	-3 978	-5 412	-7 718	-10 066	-3 421
Kirke	5 566	5 468	5 245	5 802	6 350	6 402	836
Kommunale boliger	613	-2 154	-3 359	535	-406	44	-569
Brann- og ulykkesvern	5 576	6 018	6 448	7 505	8 068	6 579	1 003
Politisk styring og kontrollvirksomhet	3 942	4 082	3 577	3 754	4 178	3 891	-51
Administrasjon	29 120	32 715	35 666	41 635	39 257	36 268	7 148
Fellesutgifter	350	-4 803	-3 775	-8 675	-10 796	-2 971	-3 321
Kultursektoren	14 759	14 690	16 495	24 949	27 930	27 159	12 400
Plan, byggesak og miljø	3 037	5 106	3 706	4 560	4 635	3 464	427
Næringsforvaltning	2 198	1 880	2 887	3 943	3 551	2 538	340
Samferdsel	14 795	14 459	14 423	14 118	15 405	14 042	-753
Eiendomsforvaltning	22 888	26 363	30 223	43 042	50 211	46 976	24 088
Barnehage	65 495	70 050	75 590	89 910	78 565	79 565	14 070
Grunnskole	125 051	129 461	134 882	134 233	142 019	141 777	16 726
Helse- og omsorg	118 032	125 714	135 879	136 287	158 961	177 037	59 005
Totalt	440 931	465 006	500 686	538 871	556 581	565 743	124 812

Helse og omsorg

Funksjon	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Endring 15-20
254 Helse- og omsorgstjenester til hjemmeboende	62 440	56 232	63 766	63 183	78 679	84 415	21 975
253 Helse- og omsorgstjenester i institusjon	26 960	36 902	37 425	39 255	42 085	51 085	24 125
241 Diagnose, behandling, habilitering og rehabilitering	11 378	11 165	11 789	12 127	13 603	16 088	4 710
234 Aktiviserings- og servicetjenester til eldre og personer med funksjonsnedsettelse mv.	7 879	9 410	9 552	9 920	7 144	8 958	1 079
232 Helsestasjons- og skolehelsetjeneste	6 412	7 255	5 459	6 540	8 044	7 614	1 202
261 Institusjonslokaler	1 895	3 329	7 123	3 558	7 188	5 377	3 482
233 Annet forebyggende helsearbeid	1 311	1 421	765	1 704	2 218	3 499	2 188
256 Øyeblikkelig hjelp døgntilbud	0	0	0	0	0	1	1
255 Medfinansiering somatiske tjenester	-243	0	0	0	0	0	243
Totalt	118 032	125 714	135 879	136 287	158 961	177 037	59 005



ALTERNATIVT FRAMLEGG TIL BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2022-2025

Grunnskule

Funksjon	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Endring 15-20
202 Grunnskule	104 725	108 979	111 412	110 171	116 961	114 268	9 543
213 Voksenopplæring	-1 376	-1 467	2 462	2 442	4 011	4 998	6 374
215 Skolefritidstilbud	1 834	1 425	1 811	1 844	1 606	1 832	-2
222 Skolelokaler	16 642	17 829	16 685	16 931	16 713	18 646	2 004
223 Skoleskyss	3 226	2 695	2 512	2 845	2 728	2 033	-1 193
Totalt	125 051	129 461	134 882	134 233	142 019	141 777	16 726

Barnehage

Funksjon	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Endring 15-20
201 Barnehage	60 380	67 456	71 602	86 301	74 105	74 743	14 363
211 Styrket tilbud til førskolebarn	4 173	1 607	3 056	2 578	3 534	3 696	-477
221 Barnehagelokaler og skyss	942	987	932	1 031	926	1 126	184
Totalt	65 495	70 050	75 590	89 910	78 565	79 565	14 070

Barnevern

Funksjon	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Endring 15-20
252 Barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet	11 062	11 903	10 698	10 024	7 960	7 966	-3 096
244 Barneverntjeneste	5 774	5 954	6 286	6 599	6 831	5 902	128
251 Barnevernstiltak når barnet ikke er plassert av barnevernet	1 334	1 608	1 469	666	845	1 032	-302
Totalt	18 170	19 465	18 453	17 289	15 636	14 900	-3 270

Sosialtjenesta

Funksjon	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Endring 15-20
283 Bistand til etablering og opprettholdelse av egen bolig m.v.	27	25	26	47	41	301	274
273 Arbeidsrettede tiltak i kommunal regi	481	474	445	238	592	519	38
276 Kvalifiseringsordningen	401	-454	141	658	629	567	166
243 Tilbud til personer med rusproblemer	0	0	608	1 006	846	808	808
275 Introduksjonsordningen	5 819	7 738	10 199	8 174	4 812	3 016	-2 803
242 Råd, veiledning og sosialt forebyggende arbeid	4 181	5 440	7 434	5 452	6 488	5 885	1 704
281 Ytelse til livsopphold	7 102	8 568	9 497	9 868	7 368	7 343	241
Totalt	18 011	21 791	28 350	25 443	20 776	18 439	428

**Kultursektoren (eks avskrivningar)**

Funksjon	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Endring 15-20
375 Muséer	0	0	0	0	0	100	100
377 Kunstformidling	113	70	70	113	133	127	14
365 Kulturminneforvaltning	126	151	131	222	152	198	72
380 Idrett og tilskudd til andres idrettsanlegg	368	541	466	625	356	225	-143
386 Kommunale kulturbygg	3	-53	2	50	-1	290	287
373 Kino	298	101	138	232	321	989	691
231 Aktivitetstilbud barn og unge	1 397	1 507	1 311	1 393	1 395	1 468	71
370 Bibliotek	1 703	1 617	1 797	1 770	1 741	1 692	-11
385 Andre kulturaktiviteter og tilskudd til andres kulturbygg	2 659	2 646	2 910	2 932	3 207	3 488	829
383 Kulturskoler	6 340	6 428	6 817	4 568	5 176	4 588	-1 752
Totalt	13 007	13 008	13 642	11 905	12 480	13 165	158